

Årleg melding 2021 for
Sjukehusapoteka Vest HF

Innhold

1	Innleiing	2
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2021	2
2	Helsefaglege styringsmål	2
2.1	Betre kvalitet og pasienttryggleik	4
2.2	Styringsinformasjon	5
2.3	Forsking og innovasjon	6
2.4	IKT-utvikling og digitalisering	7
2.4.1	Digitale helsetenester	8
2.4.2	Betre bruk av helsedata	8
2.4.3	Informasjonssikkerheit	9
2.5	Beredskap og sikkerheit	10
2.6	Samfunnsansvar	11
3	Bemanning, leiing og organisasjon	11
4	Oppfølging av planar og tilsyn	12
4.1	Oppfølging av Riksrevisjonen sine undersøkingar	12
5	Tildeling av midlar og krav til aktivitet	14
5.1	Økonomiske krav og endringar i driftskredittramma	14
5.2	Lån og investeringar	14

1 Innleiing

1.1 Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2021

Årleg melding 2021 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Resultatprognose

- totalt for SAV for 2021 viser eit resultat på ca. 10 mill. Dette er 3 mill. over resultatkravet.
- Ikkje budsjetterte inntekter frå arbeid med prosjekt B-180 og distribusjon av vaksiner bidreg positivt
- SAV har tilfredsstillande likviditetssituasjon
- Investeringsane ligg lågare enn budsjetter på grunn av tidsforskyving i fleire prosjekt.

SAV har arbeidd med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

1.2 Overordna strategi for verksemda – Helse 2035 med tilhøyrande tiltaksplan

I tillegg til sentrale krav har vi og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Planen er laga med utgangspunkt i Helse Vest strategiplan «Helse 2035».


Oppfølging av SAV sine strategiplanar er operasjonalisert gjennom fagplanar og aksjonsplanar på kvart verksemdsområde.

2 Helsefaglege styringsmål

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest om å:

- bistå helseføretaka med å utarbeide ein modell som sørgjer for god etterleving av innkjøpsavtalar på legemiddel, inngått av Sykehusinnkjøp HF, divisjon legemidler (LIS). Sjukehusapoteka Vest skal samarbeide med helseføretaka om å innføre felles beste praksis for dette arbeidet.

Sjukehusapoteka Vest har vore pådrivar for erfaringsutveksling mellom helseføretaka i arbeidet med gevinstrealisering frå innkjøpsavtalar på legemiddel. Gjennom dette arbeidet har SAV samla erfaringar i ein modell for korleis helseføretaka best kan arbeida systematisk med legemiddelinnkjøpsavtalar gjennom heile året for å sikre kontinuerleg fokus på gevinstrealisering.



LIS-kontaktar og andre fagressursar tilsett i SAV deltek i nasjonalt arbeid for å sikre fagleg og økonomisk gunstige legemiddeltilbod til Helse Vest.

- bidra til auka pasienttryggleik og kompetanse i samhandling mellom sjukehusføretak og kommunar gjennom aktive bidrag på legemiddelfeltet. Dette gjeld særleg å identifisere risiko, redusere legemiddelfeil, arbeid med pasientforløpa og tiltak ved skifte av omsorgsnivå.

SAV arbeider kontinuerleg for trygg og effektiv legemiddelforsyning og bruk av legemiddel. Dette skjer til dømes gjennom rådgjeving både til pasient og helsepersonell, deltaking i legemiddelkomitear lokalt og regionalt, deltaking i antibiotikateam, arbeid med legemiddelanbod lokalt, regionalt og nasjonalt, arbeid med legemiddelberedskap og gjennom forbetnings-, forsking- og utviklingsprosjekt. Føretaket sett av betydelege ressursar til arbeid med regionale og nasjonale utviklingsprosjekt.

- sikre at det er tilgjengelege farmasøytiske tenester i tråd med behova i helseføretaka.

SAV planlegg kapasitet for farmasøytiske tenester i dialog med helseføretaka. Det blir laga årsplanar for arbeidet i samarbeid med lokal avdelingsleiing i aktuelle avdelingar.

Frå 2021 er kliniske farmasøytar inkludert i ISF-ordninga som utførande helsepersonell, og dette gir særleg mogelegheit for å nytte den kliniske farmasøyten i større grad i sjukehusa si polikliniske verksemd og bidrar til sikrare legemiddelbruk. I tillegg vil ordninga kunne leie til auka bruk av farmasøyt i ulike pasientforløp, til dømes gjennom pre-poliklinisk samstemming, og oppfølging av legemiddelintervensjonar anbefalt av spesialisthelsetenesta. SAV har starta samarbeid med sjukehusa for å identifisere aktuelle pasientgrupper.

- bidra til arbeid med å greie ut framtidig samla fagforvaltning på legemiddelområdet i Helse Vest, under dette støtte opp om arbeid i helseføretaka for å etablere fagforvaltning for kurdefinisjonar på området kjemoterapi.

Gjennom 2021 har SAV vore pådrivar for oppretting av regional fagforvalting på kjemoterapiområdet. Etter vedtak i AD-møtet blei ansvar for etablering og drift av fagforvaltinga overført til Helse Bergen. Gjennom arbeid med topp-5 risiko og arbeid med risikoområde legemiddel (ROMLE) vert organisering og forvalting av ulike løysingar på legemiddelområdet aktualisert, mellom anna regionalt legemiddelutval.

- delta i nasjonal og regional utvikling og innføring av nye system i forsyningskjeda for legemiddel.

og

- delta i nasjonal og regional utvikling og førebuing av nye system i forsyningskjeda for legemiddel.

Føretaket er involvert i utvikling og innføring av fleire system i forsyningskjeda for legemiddel på nasjonalt og regionalt nivå. Dei viktigaste er:

Regionalt:

- Innføring av nytt ERP-system i Helse Vest (LIBRA)
- Nytt produksjonsstøttesystem for legemiddel (PCMS)
- Innføring av elektronisk legemiddelkurve i Helse Vest (KULE)

Nasjonalt:

- Utvikling av ny reseptur og butikkdataløysing for Sjukehusapotek (RBD)
- Utvikling av ny felles dataplattform for apotekbransjen (EIK)
- Ny nasjonal felles løysing for å kunne bestille klargjering av reseptar i sjukehusapotek (klikk og hent)
- bidra til lagring, distribusjon og klargjering av Covid-19 vaksiner for vaksinasjon på førespurnad.

Alle fire apoteka i føretaket har vore senter for distribusjon av Covid-19 vaksinar frå Pfizer-Biontech til kommunar og helseføretak i regionen frå slutten av desember 2020 og gjennom heile 2021. Medarbeidarar i frå kvart sjukehusapotek har og gitt bistand til sjukehusføretaka med opptrekk av vaksinar for å sikre best mogleg utnytting av innhald i kvart hetteglas (7 dosar/glas).

- bistå Helse Bergen HF i prøveprosjektet med heroinassistert behandling i 2021 som skal etablerast fullt ut i Bergen.

Det er etablert dialog og samarbeid mellom Sjukehusapoteket i Bergen og Helse Bergen om bistand til rekonstituering og dispensering av Diaphin (diacetylmorfin). Prøveprosjekt med utdeling i poliklinikk er venta å starte opp i 1.kvartal 2022.

2.1 Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å bidra på førespurnad:

- i arbeidet med å utvikle nye retningslinjer for risikostyring i Helse Vest
- i arbeidet med omsyn til topp 5 risikoar

Sjukehusapoteka Vest har vore representert i arbeid med å utvikle regionale retningslinjer for risikostyring. Føretaket er representert med kvalitetsleiar i det nyoppretta regionale nettverk for risikostyring. Føretaket har og oppretta ei intern arbeidsgruppe som skal få på plass intern retningsline for risikostyring i SAV.

Regionen sitt arbeid med topp 5-risiko er organisert med risikoansvarlege for kvart område samt regionale om lokale arbeidsgrupper. SAV har deltakarar i regionale arbeidsgrupper i arbeid med risikoområda.

Administrerende direktør i SAV har rolle som risikoeigar for risiko på legemiddelområdet og leiar regional arbeidsgruppe for risikoområde legemiddel (ROMLE). Arbeidet med ROMLE har i fase 1 mål om å utarbeide plan for legemiddelbehandling med høg risiko for uheldige hendingar og pasientskade. I fase 2 er målsetjinga å finne måtar å samordne, implementere og utvikle fagområdet vidare.

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- ta i bruk løysinga «En vei inn-løsningen/melde.no

Medarbeidarar i SAV er informert om meldeløysinga gjennom sak på føretaket sitt intranett. Det er i første rekke melding av biverknader og melding om feil på medisinsk utstyr som er aktuelle meldingstypar.

2.2 Styringsinformasjon

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- utveksle analysar, modellar og erfaringar på tvers av føretaka.

SAV samarbeider med dei andre sjukehusapotekføretaka om tilrettelegging av legemiddelstatistikk til bruk i sjukehusa (SLS). SLS vert distribuert til brukarar i sjukehusa via nettportal (sls.SLMK.no). SAV yter bistand til sjukehusa med metodikk for planlegging og styring av legemiddelforbruk.

SAV har teke i bruk ny portal for oversiktsrapportar. SAV er del av utvikling av rapportar gjennom representant i produktforum HR/HMS.

- leggje til rette for utvikling og bruk av felles datastruktur i Datavarehus for Helseinnsikt.

Gje ei kort beskriving av status for arbeidet.

- bidra med fagleg kompetanse for å utvikle nye faglege rapportar etter prioritert rekkefølge.

Gje ei kort beskriving av status for arbeidet.

- ta i bruk og bidra til forbetring av eksisterande faglege rapportar innan forsyningskjeda for legemiddel.

SAV har delteke i arbeid med regional oversiktsrapport basert på regional rapportserver og bruk av PowerBI. SAV har under utvikling eiga styringside basert på same teknologi retta inn mot behov for styringsinformasjon i legemiddelkjeda.

- bidra i arbeidet med å følgje opp LIBRA styringsmodell.

SAV sitt kjedekontor deltek i forvaltning av Libra sine arbeidsprosessar og masterdata innan legemiddelområdet. SAV deltek i programstyre og forvaltingsstyret i Libra og har representantar regionale styringsfora, herunder Libra forum og superbrukarforum.

2.3 Forsking og innovasjon

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- leggje til rette for forskning og utviklingsarbeid på legemiddelområdet, både i eiga verksemd og i samarbeid med dei andre helseføretaka.

SAV deltek aktivt i regionale og nasjonale utviklingsprosjekt (LIBRA, KULE, PCMS, EIK, RBD) og søker såkornmiddel til forbetringsprosjekt i tett samarbeid med helseføretaka.

I 2021 har to doktorgradsstipendiatar ved Universitetet i Bergen fått forskingsmidlar frå Helse Vest og vore tilknytt SAV gjennom forankringsavtale.

I SAV er det i 2021 i gang arbeid med såkornprosjekt i samarbeid med Helse Bergen gjennom prosjektet «Farmasøythenvisning i DIPS».

- samarbeide med sjukehusføretaka og universitet/høgskular i relevante forskings- og utviklingsprosjekt, mellom anna for å sikre gode data på behandlingseffekt av legemiddelbruk, og uønskte hendingar i legemiddelbehandlinga.

SAV planlegg arbeid med utvikling og pilot av ny farmasøytisk teneste som skal bidra til å sikre overgangen mellom sjukehus og kommunehelsetenesta i samarbeid med Helse Bergen og UIB.

- følgje opp Nasjonal handlingsplan for kliniske studier 2021 – 2025.

Nasjonalt samarbeid om kliniske utprøvingar er styrka i 2021. SAV legg til rette for legemiddelleveransar i IMPRESS-studien. Tenester for å understøtte kliniske utprøvingar har

vore gjennomgått hausten 2021 med sikte på regionalisering og meir effektive funksjonar og arbeidsprosessar. Føretaket planlegg dialog med ekstern tilbyder for støtte til arbeid med kontraktar.

- nytte felles infrastruktur for forskning til dømes innan biobank, datalagring og analyse.

Det har ikkje vore aktuelt for SAV å nytte denne typen infrastruktur i 2021.

Innovasjon

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant.

SAV samarbeider med Sykehusinnkjøp HF om anskaffingsprosessar, under dette innovative anskaffing. SAV har inntil vidare teke på seg rolla som nasjonal koordinator for sjukehusapotekføretaka for å få fram felles behov, noko som kan leie til nasjonal anskaffing når det er føremålstenleg. Eksempler på dette er nasjonal anskaffing av lagerbotar og pakkemaskiner for eindose.

- vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeid.

SAV sendte fleire innovasjonssøknader i samarbeid med helseføretaka (mars 2021), og har fagplan for forskning, innovasjon og utvikling. SAV deltek og i regionale innovasjonsfora.

- nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt.

Føretaket har registrert aktuelle innovasjonsprosjekt for 2021 i idémottaket. Ein ser likevel behov for å auke tilfanget av idear.

- rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet- og nytte.

SAV rapporterer på aktuelle indikatorar.

2.4 IKT-utvikling og digitalisering

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- delta i innføring av produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest og samarbeide med KULE-prosjektet om integrasjon mot e-kurveløysing.

SAV har prosjekteigarskap og ansvar for finansiering av prosjekt for nytt produksjonsstøttesystem i Helse Vest (PCMS). Prosjektet har tett samarbeid med KULE-prosjektet og framdrift er avhengig av utvikling av kjemoterapiløysing i e-kurveløysinga. PCMS-prosjektet tek sikte på gjennomføre pilot av programvare for en-komponent produksjonar Q1-Q2 2022, men er avhengig av ulike oppdateringar frå leverandøren før pilot kan starte.

- delta i prosjektet «Innføring av ny nasjonal pasientjournal for apotek i samband med innføring av ny bransjeløysing (EIK1) og nytt reseptur og butikkdatasystem (RBD)».

SAV deltek i utvikling av ny bransjeløysing (EIK) som inneheld pasientjournal med resepthistorikk og anna helsehjelp i apotek. SAV deltek i arbeidet som er koordinert gjennom Apotekforeningen sitt dotterselskap Difa AS.

Sjukehusapotekføretaka samarbeider om å utvikle RBD som front-end system som skal samhandle med EIK. Å implementere pasientjournal i SAV blir ein del av regionalt innføringsprosjekt for RBD.

For å ivareta informasjonssikkerhet og personvern utviklar apotekbransjen felles leiarsystem for informasjonssikkerhet og personvern. SAV deltek i arbeidet og har starta arbeidet med etablering av felles leiingssystemet som del av styringssystemet for informasjonssikkerhet i SAV.

- å førespurnad delta i prosjektet «Pasienten si legemiddelliste», under leing av Helse Vest IKT AS.

SAV tek del i arbeidet med PLL med fleire ressursar, både gjennom engasjement på Haraldsplass og i KULE-prosjektet. I tillegg deltek farmasøytar frå SAV i arbeid med følgjeforskningsprosjekt ved innføring av PLL i samarbeid med Nasjonalt senter for e-helseforskning i Tromsø.

2.4.1 Digitale helsetenester

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- delta i det regionale arbeidet knytt til utvikling av digitale helsetenester.

Ressursar frå SAV har gitt bidrag inn i ulike e-helseprosjekt i regionen. Under dette også SAV sitt arbeid med utprøving av videoløysing for tenesta medisinstart i publikums-avdelingane. I tillegg har føretaket samarbeidd tett med dei andre sjukehusapotekføretaka om å få på plass ei felles klikk-og-hent-løysing.

- gjere risikovurderingar før digitale tenester blir etablert for ei ny pasientgruppe. Nye tilbod skal risikostyrast og evaluerast med brukarane. Det vil kunne vere relevant med både tverrfagleg forskning og følgjeforskning på nye tilbod.

SAV følgjer etablerte retningslinjer i Helse Vest og gjennomfører risikovurderingar som ein del av utviklingsprosjekta for nye løysingar.

2.4.2 Betre bruk av helsedata

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- ta i bruk felles søknadsskjema, saksbehandlingsløsning og innbyggjartenester for kvalitetsregistrene i tråd med dei regionale helseføretaka sin plan for innføring og gevinstrealisering.

Ikkje aktuelt for SAV.

- leggje til rette for overføring av data frå Kreftregisteret og utvalde kvalitetsregister til Helseanalyseplattformen i tråd med framdriftsplanen for Helsedataprogrammet (utvikle dataprodukt og dokumentere metadata).

Ikkje aktuelt for SAV.

2.4.3 Informasjonssikkerheit

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- delta i det regionale arbeidet med å følgje opp Riksrevisjonen sine hovedfunn, merknader og anbefalingar frå undersøkinga om helseføretaka si førebygging av angrep mot sine IKT-systemer.

SAV deltek i regionalt sikkerheitsutval med IKT og teknologileiar og i personvernombudutval med personvernombud.

- delta i arbeidet med å utvikle ein regional handlingsplan for arbeidet med informasjonssikkerheit som også omfattar langsiktige tiltak.

SAV har delteke med IKT og teknologileiar i arbeidet med utvikling av regional handlingsplan for informasjonssikkerhet.

- nytte Norsk Helsenett SF sin årlege rapport om truslar, trendar, sårbarheiter og relevante tiltak som sektoren kan nytte i sitt arbeid med risiko- og sårbarheitsvurderingar.

I arbeid med vurdering av risiko- og sårbarheit har SAV sett i verk fleire lokale tiltak (bl.a. databehandlaravtaler fagsystem; lukking av opne punkt, revisjon av prosedyre G09 Handtering av passord, gjennomføring av sikkerheitsrevisjonar, gjennomført ROS analyser i Cytodose, Cytodoseplukk og Libra, betra sikkerheit i FarmaPro). SAV har og delteke i regionalt arbeid bl.a. med forbetring sikkerheitspunkt administrative system; Element og MinGat.

- delta i arbeidet med systematisk innføring av Nasjonal sikkerhetsmyndighet sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit og sikre systematisk adressering av arbeidet med informasjonstryggleik på alle nivå i helseføretaka.

SAV følgjer regional prosess i dette arbeidet.

- delta i arbeidet med å sikre nødvendig klargjering av ansvar, roller og oppgåver i arbeidet med informasjonstryggleik på alle nivå i helseføretaket.

SAV nyttar regional modell for systemforvaltning med systemeigar og systemansvarleg i føretaket i tett samarbeid med Helse Vest IKT. SAV har etablert superbrukarforum for sentrale apoteksystem og nyttar utviklingsprosjekta til å bygge ferdigheter og kompetanse for brukarar og superbrukarar på nye løysingar som til dømes Libra, Castor, og Rowa.

- presentere status frå arbeidet med informasjonssikkerheit, medrekna den årlege gjennomgangen til leiinga, i eigne årlege møter, samt i årleg melding.

SAV arbeider systematisk med innføring av regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit. Sentrale tema frå leiinga sin gjennomgang av informasjonssikkerhet har mellom anna vore risikovurderingar av Cytodose, innføring av Libra, tilgangskontroll til Elements samt handtering tilgangar og passord i føretaket.

- sikre god informasjon og opplæring av medarbeidarar og leiarar i sikkerheitskultur og førebygging av databrot.

SAV har hatt god deltaking på brukarundersøking av sikkerheitskultur hausten 2021.

2.5 Beredskap og sikkerheit

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- vidareutvikle beredskaps- og smittevernplanar i lys av erfaringar og evalueringar av koronapandemien og tidlegare hendingar og øvingar.

SAV har så langt ikkje vurdert at det har vore behov for å revidere føretaket sin beredskapsplan, og har prioritert arbeid med oppbygging av nasjonale legemiddelberedskapslager. Føretaket tek sikte på revisjon av beredskapsplan i samband med at regional helseberedskapsplan skal evaluerast og basert på evaluering etter pandemien.

- følgje opp erfaringane frå og evalueringane av handteringa av koronapandemien.

Erfaringar frå arbeid i pandemien har blitt følgt opp kontinuerleg gjennom 2021. Dei fire sjukehusapotekføretaka har samarbeidd om rapport med evaluering av erfaringar frå pandemien. Denne er venta ferdig i desember 2021. Læringspunkt blir følgt opp i kvart føretak.

- delta i arbeidet med revidering av regional helseberedskapsplan, inkludert utvikling av del-planar.

SAV er representert og deltek i arbeidet gjennom regionalt beredskapsutval i Helse Vest.

- delta med relevant kompetanse i prosjektet «Felles forsyningsløysing i Helse Vest».

SAV har hatt dialog med prosjektet undervegs i arbeidet.

- overføre prosjekt B180 «Nasjonalt beredskapslager for legemiddel – nivå 2» til forvaltning og drift og bidra i arbeidet med å avklare modell for framtidig legemiddelberedskapslagring i Noreg.

Prosjekt B180 blir overført til drift frå 01.12.21 (prosjektperioden blir formelt avslutta 31.12.21). SAV har gjennom leing av prosjekt B180, og gjennom bidrag frå ulike stabsfunksjonar, gitt tilråding om framtidig økonomi- og styringsmodell for legemiddelberedskap i spesialisthelsetenesta i samarbeid med andre sjukehusapotekføretak.

- bidra til å utvikle det nasjonale samarbeidet om legemiddelberedskap og beredskapslagring av legemiddel saman med Helsedirektoratet og andre involverte aktørar.

I 2021 har representantar frå SAV levert viktige bidrag både gjennom styringsgrupper og prosjektgrupper til ulike arbeid leia av Helsedirektoratet:

- Rapport om permanent nasjonal legemiddelberedskap (1.kvartal 2021)
- Vurdering av forskriftsfesting av beredskapsplikt for grossister (beredskapslagring for primærhelsetjenesten).

2.6 Samfunnsansvar

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- vidareutvikle arbeidet med å sikre ei ansvarleg verksemd. Dette inneber mellom anna å førebyggje arbeidslivs- og økonomisk kriminalitet, og ta i vare arbeidstakarrettane.

Sjukehusapoteka Vest HF er kjend med nasjonale retningslinjer, og vedtak i Helse Vest når det gjeld tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet.

Ved Sjukehusapoteka føregår i liten grad verksemd som tilseier at ein må sette i verk einskilde tiltak for å sikre at arbeidslivskvalitet ikkje skjer på oppdrag utført for helseføretaket. I dei få tilfella der det har vore aktuelt, har ein sjekka av med eksterne oppdragsgivarar for å sikre at desse oppfyller gjeldande krav.

- vidareutvikle arbeidet med klimarekneskap og redusere verksemda sitt klimaavtrykk.

SAV har oppdatert styrande dokument for miljøstyringssystemet i tråd med utvikling i kontekst og forventingar frå interesseparter. Det blir utarbeidd kvartalsvise statusrapportar for kvalitet og ytre miljø der indikatorar for føretaket sitt miljøavtrykk (mellom anna kassasjon av legemiddel) er inkludert.

3 Bemanning, leing og organisasjon

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- vidareføre tiltak for å ta vare på medarbeidarane på ein god måte og ha særskilt merksemd på arbeidsmiljø og arbeidsforhold i lys av koronapandemien.

Covid-19 er fast tema i samhandlingsmøter og i FAMU møter, og i anna dialog med fagorganisasjonane og vernetenesta ved behov.

- sørge for jamleg vurdering av bemanningsplanar i lys av scenario frå Folkehelseinstituttet om smitteutviklinga.

Arbeidsplanar er i dialog med verneteneste og tillitsvalde tilpassa smittesituasjon og krav frå styresmaktane, til dømes organisering i kohortar i periodar der det var naudsynt, og avvikling av kohortar då det vart vurdert som forsvarleg ut frå smittesituasjon, vaksinestatus og krav frå styresmaktene.

- lage handlingsplanar til ForBedring i Synergi og bruke Synergi aktivt for å følgje status og framdrift på identifiserte tiltak.

Resultat og tiltak er diskutert i møter (avdeling, samhandling, leiar og FAMU) og tiltak er registret – og vert handsama i Synergi).

- bruke Nasjonal Bemanningsmodell til å sikre tilstrekkelig framtidig kompetanse og riktig dimensjonering av utdanningskapasitet.

Ein har langsiktig perspektiv på bemanningsplanlegging, og dialog med utdanningsinstitusjonar. SAV har laga analysar av behov for farmasøytar og apotekteknikarar i åra som kjem, og kva faktorar som gjev ulike utviklingsretningar. Analysar viser at SAV må ha stor merksemd på prosessutvikling og oppgåvedeling forutan rekruttering. Innføring av ny teknologi vil og vere ein modererande faktor i høve til framtidig behov.

- bidra med kompetanse og ressursar til å gjennomføre strategisk planlegging av utdanning og kompetanse innanfor utvalde yrkesgrupper og spesialitetar, under leiing av Helse Vest RHF.

SAV tek del når vår kompetanse er relevant.

- sikre at alle medarbeidarar fullfører sine obligatoriske e-læringskurs.
- Ein legg til rette for gjennomføring av kurs, kompetanseplanar og lesing av prosessar i arbeidstida, i nokre tilfelle ved felles gjennomgang i avdelinga.
- Nivå 2 leiarar får kvartalsvis status på gjennomføring i eiga eining for obligatoriske e-læringskurs og kompetanseplanar.
- Kompetanseutvikling er basert på SAV sine strategiske utfordringar og kundane sine behov. Hovudsatsingsområde i 2020 har vore Innføring av nye system, produksjon, logistikk og anna. Gjennomføringsgrad er påverka av pandemisituasjon.

4 Oppfølging av planar og tilsyn

4.1 Oppfølging av Riksrevisjonen sine undersøkingar

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- følgje opp at tiltaka som er sette i verk faktisk fungerer og bruke tilgjengelege verkemiddel som kan bidra til å betre meldekulturen. Arbeidet må sjåast i samanheng med oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking i 2018 av styra si oppfølging av kvalitet og pasienttryggleik i spesialisthelsetenesta, samt krav i 2020 om å rapportere på etterleving av forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.

SAV viser til rapportering om oppfølging av leing og kvalitetsforbetring i SAV til Helse Vest 21.04.20. Føretaket har oppgradert og forbetre verksemdsstyringssystemet SAVvy i 2021.

Føretaket sin strategi blir operasjonalisert gjennom fagplanar for kvart verksemdsområde og årlege aksjonsplanar som blir følgt opp i leiarlinja. Frå 2021 er avvikssystemet sett opp med obligatorisk krav til mellom anna risiko- og konsekvensvurdering. Store avvikshendingar blir følgt opp gjennom eiga prosess som beskriv bruk av rotårsakanalyse og CAPA-metodikk.

- revidere gjeldande retningslinjer, rettleiar og rutine med merksemd på kva som er medarbeidar sitt ansvar og kva som er leiar si oppgåve.

Alle prosessar i SAV sitt verksemdsstyringssystem er gjennomgått og vurdert i 2021. Ansvar for medarbeidar og leiar i ulike prosessar kjem tydeleg fram gjennom prosessmetodikken sin bruk av roller og aktiviteter knytt til dei ulike rollene.

- bidra i utviklinga av felles system for å sikre at kunnskap om avvik/uheldige hendingar i eit helseføretak, eller ei avdeling i eige helseføretak, blir overført til alle relevante einingar.

SAV har delteke med innspel til arbeid med melding på tvers ved hjelp av Synergi i Helse Vest.

- sørgje for å leggje til rette for gode læringssituasjonar, og integrere læring frå tilsyn og uønska hendingar med anna forbetningsarbeid.

og

- sikre at kunnskapsoverføring og læring på tvers som følgje av tilsyn og uheldige hendingar er ein sentral del av operasjonaliseringa av forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgssektoren.

Resultat frå tilsyn og internrevisjonar blir delt i ulike samarbeidsfora (mellom anna driftsforum, faggrupper, avdelingsmøter, AMU) for spreieing av kunnskap. Hendinganalyser blir brukt aktivt i forbetningsarbeidet. Internrevisjonsrapportar er tilgjengeleg for alle medarbeidarar på intranettet. I saker der det blir vurdert potensial for læring på tvers av organisasjonar og regionar, blir informasjon og delt med andre føretak.

5 Tildeling av midlar og krav til aktivitet

5.1 Økonomiske krav og endringar i driftskredittramma

Mål 2021:

- Resultatkravet for Sjukehusapoteka HF er i 2021 fastsett til eit positivt resultat på 7 mill. kroner.

SAV har lagt opp til eit budsjett i samsvar med resultatkravet og med investeringar innanfor tilgjengeleg likviditet.

SAV sitt finansielle grunnlag er basert på at varer og tenester skal fakturerast til kundar der ein eigen prismodell følgjer prisregulering frå SLV og prinsippa for prising av varer og tenester er nedfelt i samarbeidsavtale med sjukehusføretaka.

Resultatprognose totalt for SAV for 2020 viser eit resultat på ca. 10 mill. Dette er 3 mill. over resultatkravet. Det er særleg inntekter frå arbeid med nasjonalt beredskapslager (B180 prosjektet) og distribusjon av vaksinar som gjev resultat over resultatkravet. Covid19 pregar elles drifta, spesielt i publikumsekspedisjon med avgrensa tilgang for publikum i sjukehusa. Svakt resultat i publikum er delvis kompensert av aktivitet meir på budsjett innan dei andre verksemdsområda.

Investeringar er lågare enn budsjett spesielt på grunn av tidsforskyving i fleire prosjekt. Med resultat på budsjett og reduserte investeringar har likviditetssituasjonen vore tilfredsstillande med tilstrekkeleg buffer for likviditet gjennom året.

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om:

- å bidra inn i arbeidet med å vidareutvikle finansierings-ordningane ved behov

Det har ikkje vore behov for endring i finansieringsordningar for føretaket i året.

5.2 Lån og investeringar

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- utarbeide mål for gevinstar ved planlagde investeringar.
- lage handlingsplanar for korleis desse måla skal realiserast

Planlagde investeringar i SAV kjem i stor grad av endringar i sjukehusa (nye sjukehus) og endringar i nasjonalt regelverk og system krev utvikling av nye løysingar og systemendringar.

Utover kvalitativ nytte av å få oppgradert lokalar og nye system har SAV gjennom siste økonomisk langtidsplan (ØLP) for perioden 2022-2026 lagt til grunn at investeringar og andre

forbetringstiltak kan bidra til å realisere kvantitative (økonomisk målbare) gevinstar på i alt ca. 26 mill. i planperioden.

Planen har vore at gevinstante skal realisert ved auka aktivitet utan tilsvarande auke i bemanning, dvs. auke i produktivitet. Innan publikum er gevinstar knytt til auka sal og bruttoforteneste i eksisterande utsal gjennom betre service til kundar ved. Bla nytt reseptur- og butikkdatasystem, klikk og hent løysing samt auka satsing på marknadsarbeid og nasjonalt samarbeid er viktige tiltak.

Både Covid19 pandemien og bla. innføring av Libra i sjukehusekspedisjonen har vist at det er krevjande å ta ut gevinstar på kort sikt. Publikumseiningane har vore prega av lav kundetrafikk i avstengde sjukehus i store deler av 2021. Innføring av nye arbeidsprosessar og ei ny, og tildels kompleks Libra-løysing, set store krav stabilitet, opplæring av leiarar og medarbeidarar og tett oppfølging av leverandørar og kundar. Neste steg i Libra er utvikling av grensesnitt mot nytt produksjonsstøttesystem og nytt reseptur- og butikkdatasystem. Vi vonar at det ein har lært i 2021 kan bidra til å ta ned risiko og auke effektiviteten på sikt i alle verksemdsområda der Libra skal takast i bruk.

Gevinstar vil være avhengig av framdrift i byggeprosjekt på sjukehusa samt regional og lokal innføringstakt av nye system. Oppdatert vurdering av gevinspotensialet må gjerast etterkvart som løysingane kjem på plass.